

Månadsbrev januar 2025



Desember gjekk stort sett med til halvårsprøvar, juleverkstad og øving til juletrefest og gudsteneste, men alle storkoste seg på Vitensenteret, Vinterland og Pinocchio. Mellomtrinnet las soleklart mest på Sinnes skule i Norli sin lesekonkurranse, men alle har hatt svært god leseinnsats!

Etter ein lang ferie, med første skuledag 6. januar, er me klare for eit nytt år og meir læring. Det blir ein god arbeidsmånad, med morgonsamling v/5. klasse 13. januar og besøk av "The Sensory Roller Coaster" (DKS) 29. januar for 8.-10. klasse. "I løpet av 90 minutter går klassen, inndelt i grupper, gjennom en stasjonsbasert performance med ulike stopp. I dette performance verkstedet skal vi sammen med elevene utforske våre ulike sanser og hvordan de henger sammen.

Stasjonene er inndelt etter våre sanser: lukt og smak, hørsel, syntet, berøringssans. Vi har også valgt å inkludere den litt ukjente sansen proprioepsjon = følelsen av kropp i rom. På hver stasjon finnes det aktiviteter rundt de ulike sansene. Elevene får muligheten til å videreutvikle stasjonene/aktivitetene." [The Sensory Roller Coaster 24-25 | Agder DKS](#) Dette blir spanande!

I løpet av siste halvdel av januar og første halvdel av februar skal me gjennomføra UngData-undersøkinga på ungdomstrinnet og UngData Junior for mellomtrinnet. Meir informasjon kjem i Visma flyt skule.

Noko forsvann kanskje i mykje tekst i desemberbrevet, så hugs!:

- 1) Med barn på **SFO**, må de vera greie å melda fråvær, tilstadevære og ev. spørsmål i **Visma flyt skule**, for der ser fleire tilsette det som blir sendt. **Mobiltelefonen** er til bruk når SFO er **på tur**, og der får ein dessverre ikkje svar til kvardags.
- 2) Det er mogleg å søkja **skulehelsetenesta** om økonomisk støtte, t.d. til årskort i skitrekking.
- 3) Gje beskjed/spør om det er plass på **bussen nordover** når ein vil ha med gjester heim, for det er ikkje så mange ekstra sete der.

Godt nytt år!

Sinnes 04.01.25

Ase-Berit (rektor)

